

* **EØS-avtalen**

Sejersted-utvalet har blanda eple og pærer, hummar og kanari, seier utvalsmedlem **Dag Seierstad.**

Seierstad går mot Sejersted

Det er ingen hemmelegheit at leiaren for regjeringas Europautredning, jussprofessor Fredrik Sejersted, er ein varm tilhengjar av norsk EU-medlemskap. Utvalsmedlemen Dag Seierstad ikkje er det.

Namnet Seierstad å finne på ei rad merknader i Europautredningas 911 sider lange rapport. Han er ueinig i utvalets hovudkonklusjon om at Noreg er tre fjerdedels EU-tilpassa.

– Eg åtvare mot det talet. Det blir spreidd overalt fordi det er så lett å skrive, seier han.

Til dagleg er Seierstad EØS-rådgjevar for SV på Stortinget. Tidlagare han utgreiingsleiar for Nei til EU gjennom åtte år. Seierstad var aktiv under EU-kampen både på 1990-talet og i 1972. Nasjonens lesarar kjenner han også som fast EU-spaltist.

– Problemet er at utvalet har talt eple, pærer, hummar og kanari og så kome fram til talet tre fjerdedelar, seier Seierstad.

Utrekninga av EU-tilpassinga er gjort på grunnlag av kva tema EU forhandlar med nye medlemsland om.

Tunge tema

Seierstads poeng er at ikkje alle saksfelt utan vidare kan samanliknast.

– EUs valutaunion tel for eksempel berre fire prosent i reknestykket. Men for EU-land i økonomisk krise trur egnok at valutaunionen opplevast som langt meir enn fire prosent av politikken, seier Seierstad.

Han viser også til at utanriks-, forsvars- og tryggingpolitikk tel som eit kapittel.

– Dette er tunge tema. For man-

ge er det nettopp på desse områda at det nasjonale sjølvstendet ligg, seier Seierstad.

For Noregs del er ingen av desse politikkområda er styrt av EU. Det gjer utrekninga lite eigna til å tydeleggjere norsk EU tilpassing, slik Seiersted ser det.

Økonomien i EØS

– Heile utvalet er einig i at Noreg har hatt ei god økonomisk utvikling etter 1994, og i at den har vore langt betre her enn i dei fleste andre land i Europa, fortel Seierstad.

Fleirtalet hevdar at EØS-avtalen er hovudforklaringa. Seierstad er ikkje einig.

– Det finst inga forskning som viser at EØS-avtalen som har gitt Noreg desse fordelane. Det er ikkje mogleg å isolere verknaden av avtalen på denne måten, seier han.

Seierstad meiner det er oppsiktsekkjande at utvalet likevel konkluderer med at avtalen har gitt Noreg store økonomiske fordelar.

– Eg meiner det er påfallande. Eg reknar med at denne påstanden vil skape debatt, seier han.

Demokratiproblemet

Det demokratiske underskottet i

DEMOKRATIMANGEL

«Når EU-tilhengjarane kritiserer demokratimangel er det fordi Noreg ikkje er med og tek avgjerdene i Brussel».

DAG SEIERSTAD
MEDLEM AV SEJERSTED-UTVALET

Fakta

Dag Seierstad

- * Er EØS-rådgjevar for SV på Stortinget.
- * Var utgreiingsleiar for Nei til EU i åtte år.
- * Har vore ein sentral aktivist på nei-sida i all norsk EU-strid.
- * Medlem av SV/SF sidan partiet vart starta opp i 1961.
- * Har sidan spelt ei sentral rolle i partiet, mellom anna som sentralstyremedlem gjennom fleire periodar.
- * Har vore amanuensis i samfunnspolitikk ved Høgskolen i Lillehammer.

EØS-avtalen får stor plass i Europautredningas rapport.

– Når EU-tilhengjarane kritiserer demokratimangel er det fordi Noreg ikkje er med og tek avgjerdene i Brussel. EØS-kritikarane på nei-sida har lagt vekt på at vilkåra for demokrati i Noreg blir svekka når så mange avgjerder blir flytta frå Stortinget, eller frå fylke og kommunar til Brussel, seier Seierstad.

Utvalets fleirtal gjer ei avveging mellom omsyn til demokrati og omsyn til økonomi.

– Dei meiner at avtalen har økonomiske fordelar som veg opp for dei demokratiske manglane. Slik eg ser det, er demokratiproblemet strukturelt. Det blir like stort, om ikkje større om Noreg blir medlem av EU, seier Seierstad.

Han understrekar at han sluttar seg til utvalets hovudbodskap om at Noreg er langt tettare integrert i EU enn det dei fleste har vore klar over.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no



Dissidenten: Utvalsmedlem Dag Seierstad har flere merknader til Europautredningas

Økt støtte til EØS

Støtta til EØS-avtalen aukar på ei måling frå Sentio. Den er gjort rett etter at Europautredningen blei lagt fram.

På ei ny meiningsmåling frå Sentio gjort på oppdrag for Nationen svarar 51,1 prosent at dei ville ha stemt ja i ei folkerøysting om EØS-avtalen. Målinga er gjort rett etter at Europautredninga la fram sin rapport.

Sentio gjorde tilsvarende undersøking på oppdrag for Nei til EU rett før Europautredningen vart lagt fram 17. januar i

år. Da sa 46 prosent ja til EØS-avtalen.

Alternativa

46,7 prosent svarar at dei heller ville hatt ein handelsavtale med EU enn EØS-avtalen. 24 prosent føretrekkjer EØS framfor ein handelsavtale.

Samstundes seier 64 prosent at dei ville stemt ja til EØS om EU-